

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 1442/95

av 26. juni 1995

**om endring av vedlegg I, II, III og IV til rådsforordning (EØF) nr. 2377/90
om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av
maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i
næringsmidler av animalsk opprinnelse(*)**

(Tekst som er relevant for EØS)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR -

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 2377/90 av 26. juni 1990 om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i næringsmidler av animalsk opprinnelse⁽¹⁾, sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 1441/95⁽²⁾, særleg artikkel 6, 7 og 8, og

ut frå desse synsmåtane:

I samsvar med forordning (EØF) nr. 2377/90 må det gradvis fastsetjast maksimumsgrenser for restmengder av alle farmakologisk verksame stoff som vert nytta i Fellesskapet i veterinærpreparat som skal tilførast dyr som er meinte for næringsmiddelproduksjon.

Maksimumsgrenser for restmengder kan først fastsetjast etter at Utvalet for veterinærpreparat har granska alle viktige opplysningar med omsyn til om restmengder av det aktuelle stoffet er skadelege for forbrukarane av næringsmiddel av animalsk opphav, og med omsyn til kva innverknad restmengdene har på den industrielle foredlinga av næringsmiddel.

Når det skal fastsetjast maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparat i næringsmiddel av animalsk opphav, må det gjerast greie for kva dyreartar slike restmengder kan finnast i, kor store restmengder som kan tillatast i kvart av dei aktuelle kjøtveva frå dyret som er handsama (målvev), og kva type restmengd som skal kontrollerast (restmarkør).

Når det gjeld kontrollen av restmengder i medhald av regelverket til Fellesskapet på dette området, bør maksimumsgrensene for restmengder vanlegvis fastsetjast for målvev i levra eller nyrene. Levra og nyrene vert ofte fjerna frå dyreskrottar i internasjonal handel, og difor bør det òg fastsetjast grenseverdiar for muskel- eller feittvev.

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 143 av 27.6.1995, s. 26, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 21/97 av 2. mai 1997 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgave av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

⁽¹⁾ TEF nr. L 224 av 18.8.1990, s. 1.

⁽²⁾ TEF nr. L 143 av 27.6.1995, s. 22.

Dersom veterinærpreparat skal tilførast eggleggjande fjørfe, dyr i laktasjon eller honningbier, må det òg fastsetjast grenseverdiar for egg, mjølk eller honning.

Carazolol, diazinon og spiramycin (gjeld storfe og kjuklingar) bør førast opp i vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90.

Lecirelin, natriumdiklorisocyanurat, dinoprostrometamin, saltsyre, eplesyre, l-vinsyre med tilhøyrande ein- og tobasiske natrium-, kalium- og kalsiumsalt, benzylalkohol, etanol og n-butanol bør førast opp i vedlegg II til forordning (EØF) nr. 2377/90.

For å gjere det mogleg å fullføre vitenskaplege granskingar bør danofloxacin og erytromycin førast opp i vedlegg III til forordning (EØF) nr. 2377/90.

For å gjere det mogleg å fullføre vitenskaplege granskingar bør det tidsrommet som dei mellombels maksimumsgrensene fastsette i vedlegg III til forordning (EØF) nr. 2377/90 er gyldige for, lengjast for tylosin og spiramycin (gjeld svin).

Det har synt seg at det ikkje kan fastsetjast ei maksimumsgrense for restmengder av furazolidon, fordi alle restmengder av dette stoffet i næringsmiddel av animalsk opphav er helsefarlege for forbrukaren. Difor bør furazolidon førast opp i vedlegg IV til forordning (EØF) nr. 2377/90.

Det bør fastsetjast ein frist på 60 dagar før denne forordninga tek til å gjelde, slik at medlemsstatane, for å ta omsyn til føresegnene i denne forordninga, får høve til å gjere naudsynte tilpassingar i løyva til å marknadsføre dei aktuelle veterinærpreparata som er gjevne i medhald av rådsdirektiv 81/851/EØF⁽³⁾, sist endra ved direktiv 93/40/EØF⁽⁴⁾.

Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for tilpassing til den tekniske utviklinga av direktiv om fjerning av tekniske handelshindringar på området veterinærpreparat -

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

⁽³⁾ TEF nr. L 317 av 6.11.1981, s. 1.

⁽⁴⁾ TEF nr. L 214 av 24.8.1993, s. 31.

Artikkel 1

Vedlegg I, II, III og IV til forordning (EØF) nr. 2377/90 vert endra i samsvar med vedlegget til denne forordninga

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde 60. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 26. juni 1995.

For Kommissjonen

Martin BANGEMANN

Medlem av Kommissjonen

VEDLEGG

I forordning (EØF) nr. 2377/90 vert det gjort følgjande endringar:

A. I vedlegg I vert det gjort følgjande endringar:

Under overskrifta «1. Anti-infektiva» skal nytt nr. 1.2.4.3 lyde:

1.2. Antibiotika

1.2.4. Makrolider

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev	Andre bestemmelser
«1.2.4.3. Spiramycin	Summen av spiramycin og neospiramycin	Storfe	300 mg/kg 200 mg/kg 200 mg/kg	Lever, nyrer, fett Muskler Melk	
		Kyllinger	400 mg/kg 300 mg/kg 200 mg/kg	Lever Fett + hud Muskler»	

Under overskrifta «2. Parasittmidler» skal nytt nr. 2.2.3.1 lyde:

2.2. Midler som virker på ektoparasitter

2.2.3. Organiske fosfatforbindelser

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev	Andre bestemmelser
«2.2.3.1. Diazinon	Diazinon	Storfe, sauer, geiter, svin	700 mg/kg 20 mg/kg	Fett Nyrer, lever, muskler	
		Storfe, sauer, geiter	20 mg/kg	Melk»	

Under overskrifta «3. Midler som virker på nervesystemet» skal nytt nr. 3.2.1.1 lyde:

3.2. Midler som virker på det autonome nervesystemet

3.2.1. Anti-adrenerger

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev	Andre bestemmelser
«3.2.1.1. Carazolol	Carazolol	Svin	25 mg/kg 5 mg/kg	Lever, nyrer Muskler, fett + hud»	

B. I vedlegg II vert det gjort følgjande endringar:

Under overskrifta «1. Uorganiske kjemiske forbindelser» skal nytt nr. 1.6 og 1.7 lyde:

Farmakologisk virksomme stoffer	Dyreart	Andre bestemmelser
« 1.6. Saltsyre 1.7. Natriumdiklorisocyanurat	Alle arter som brukes til produksjon av næringsmidler Storfe, sauer, geiter	Til bruk som hjelpestoff Bare til lokal bruk»

Under overskrifta «2. Organiske forbindelser» skal nytt nr. 2.20-2.26 lyde:

Farmakologisk virksomme stoffer	Dyreart	Andre bestemmelser
« 2.20. Lecirelin 2.21. Dinoprosttrometamin 2.22. Eplesyre 2.23. L-vinsyre og dens en- og tobasiske natrium-, kalium- og kalsiumsalter 2.24. Benzylalkohol 2.25. Etanol 2.26. N-butanol	Storfe, dyr av hestefamilien, kaniner Alle pattedyr Alle arter som brukes til produksjon av næringsmidler Alle arter som brukes til produksjon av næringsmidler Alle arter som brukes til produksjon av næringsmidler Alle arter som brukes til produksjon av næringsmidler Alle arter som brukes til produksjon av næringsmidler	Til bruk som hjelpestoff Til bruk som hjelpestoff Til bruk som hjelpestoff Til bruk som hjelpestoff Til bruk som hjelpestoff »

C. I vedlegg III vert det gjort følgjande endringar:

Under overskrifta «1. Anti-infektiva» skal nr. 1.2.2.1 og 1.2.2.2 og nytt nr. 1.2.2.3 og 1.2.4.1 lyde:

1.2. Antibiotika

1.2.2. Makrolider

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev	Andre bestemmelser
«1.2.2.1. Spiramycin	Spiramycin	Svin	600 mg/kg 300 mg/kg 200 mg/kg	Lever Nyrer, muskler Fett	Midlertidige MRL utløper 1. juli 1997. MRL gjelder alle mikrobiologisk virksomme restmengder uttrykt som spiramycin-ekvivalent
1.2.2.2. Tylosin	Tylosin	Storfe, svin, fjørfe Storfe	100 mg/kg 50 mg/kg	Muskler, lever, nyrer Melk	Midlertidige MRL utløper 1. juli 1997
1.2.2.3. Erytromycin	Erytromycin	Storfe, sauer, svin, fjørfe Storfe, sauer Fjørfe	400 mg/kg 40 mg/kg 200 mg/kg	Lever, nyrer, muskler, fett Melk Egg	Midlertidige MRL utløper 1. juli 1997. MRL gjelder alle mikrobiologisk virksomme restmengder uttrykt som erytromycin-ekvivalent

1.2.4. Kinoloner

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev	Andre bestemmelser
«1.2.4.1. Danofloxacin	Danofloxacin	Storfe	900 mg/kg 500 mg/kg 300 mg/kg 200 mg/kg	Lever Nyrer Muskler Fett	Midlertidige MRL utløper 1. juli 1997»
		Kyllinger	1 200 mg/kg 600 mg/kg 300 mg/kg	Lever, nyrer Fett + hud Muskler	

D. I vedlegg IV vert det gjort følgjande endring:

Under «Liste over farmakologisk virksomme stoffer der det ikke kan fastsettes maksimumsgrenser », skal nytt nr. 5 lyde:

«5. Furazolidon»